

Vats skule

Visjonen vår:

Me som arbeider på Vats skule vil at opplæringa vår skal ha som mål å gi elevane gode kunnskapar både sosialt og fagleg.

Fagleg ved å leggja stor vekt på læring gjennom ulike innfallsvinklar, klare mål og kontrollar på om måla blir nådd. Sosialt gjennom samarbeid og lek, men og gjennom klare grenser og forståing for korleis ein skal forholde seg til kvarandre.

Me vil setja høge krav til eleven, eleven si læring og læraren si rolle og søkja å tilpassa opplæringa best mogeleg til eleven sitt nivå.

Elevane våre skal oppleva fagleg meistring og sosial framgong.

Me vil arbeida for gode samarbeidsrelasjonar mellom skulen sine tilsette, dei føresette og elevane.

Dette vil me gjera gjennom skuleutvikling og samarbeid.

Me ser det og som viktig å stimulera til at elevane utviklar god helse, god fysikk og glede over å vera ute i naturen. Dette vil me gjera ved å bruka skulen sitt uteområde og nærmiljøet aktivt.

Til eleven:

Alle tilsette på skulen, og dine føresette, bryr seg om deg og vil ditt beste.

Me veit at trivsel er grunnlag for all læring.

Det er skulen si oppgåve å sikra at alle elevar skal føla seg trygge og trivast .

Det er skulen si oppgåve å leggja til rette for at du får utvikla deg fagleg og sosialt.

Men det er du som først og fremst må ta tak i dette.

Du må ha vilje til å jobba med deg sjølv for å koma vidare i utviklinga di.

Lærarar og føresette krev at du gjer ditt beste for å utvikla deg fagleg.

Lærarar og dine føresette vil samarbeida om tilrettelegginga for deg.

Lærarane vil gi deg faglege mål som du skal kunna strekka deg etter.

Dei vil gjera kva dei kan for å tilpassa desse måla slik at du får oppleva meistring.

Du skal aldri vera i tvil om kva læraren ynskjer du skal læra.

Lærarar og føresette krev at du gjer ditt beste for å utvikla deg sosialt.

Det er strengt forbode å plaga andre på skulen eller skulevegen. Gjer du det får dine føresette alltid beskjed, og me vil følgja det opp til det tek slutt. Ufin åtferd blir aldri akseptert her på skulen.

Lærarane vil forklara deg kva skulen meiner med orda "plaga andre" , "ufin åtferd" og " å gjera sitt beste" slik at du aldri skal vera i tvil om kva krav me set til deg sosialt, og kva du må jobba med.

Klassereglane har sosiale mål som du skal følgja. Kvar elev som treng det vil få eigne sosiale mål å arbeida mot.

Du skal bry deg – ikkje visa likesæle – om du trur at nokon ikkje har det godt.

Slik bryr du deg:

Gi beskjed om du ser nokon som ikkje har det bra – til lærar, føresette eller rektor

Gi beskjed om du ikkje trivst med noko – til lærar, føresette eller rektor

Kom med framlegg til forbetringar – til elevråd eller elevrådslærar.

Snakk med heimen din om korleis du har det på skulen.

Du vil få vera med og utforma reglane for klassen – og må følgja reglane som gjeld på skulen.

Reglane heng i klasserommet.

Du skal gjera deg kjend med reglane og følgja desse.

Rektor, Lærarar, Elevråd, klassemøte, samarbeidsutval.

Ordensreglement Vindafjordskulen

1. Lovheimel

1.1 Opplæringslova, § 2-9:

”Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.”

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i §2-9 til rådmannen, som har delegert vidare til rektor ved skulen.

1.2 Opplæringslova §9a-1:

”Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykologisk miljø som fremjar helse, trivsel og læring”

2. Verkeområde

Ordensreglementet gjeld i skuletida, på skulevegen og ved tilstellingar under leiging av skulen.

Punkt 1-7 gjeld for alle skulane i Vindafjord. Den einskilde skulen kan i tillegg ha utfyllande reglar, tilpassa lokale tilhøve. Dette har punkt nr. 8.

3. Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller vaksne på skulen.

4. Undervisningssituasjonen

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møta førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

5. Eigedom

Alle har rett til å ha ting sine i fred. Skade på skulen sin eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.

6. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet

1. Irettesetjing
2. Samtale med elev og foreldre / føresette. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert når merknad blir sett.
3. Nedsett ordens/åtferskarakter
5. Eleven får i ein periode avgrensa rettar på skulen.
6. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar.
Jmfr. Opplæringslova §2-10

7. Vurdering i orden og åtferd

Vurdering i orden og åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårsvurdering utan karakter i orden og åtferd i heile opplæringsløpet.

I ungdomsskulen blir det i tillegg sett karakter i orden og åtferd, jmfr. Forskrift til Opplæringslova §3-5.

Kriteria for dei ulike karakterane er sette slik her i kommunen:

Orden

Karakteren ”god”:

Ein elev som utan kommentar får denne karakteren, har få brot på ordensreglane, viser god arbeidsinnsats og kjem førebudd og presis til timane.

Karakteren ”nokså god”:

Ein elev som får denne karakteren har fleire ulike brot på ordensreglane *eller* stadig gjentekne like brot *eller* dårleg arbeidsinnsats *eller* ofte for seint til timane *eller* for seint eller ikkje levert arbeid.

Karakteren ”lite god”:

Karakteren blir gitt dersom det er ein elev som har gjentekne brot på ordensreglementet, leverer sjeldan, har ulovleg fråvær. Det er då snakk om merknader mest kvar veke.

Åtferd

Karakteren ”god”:

Karakteren blir gitt til elevar som viser ei normal grei åtferd mot medelevar og vaksne.

Karakteren ”nokså god”:

Denne karakteren kan ein elev få dersom han har to eller fleire alvorlege episodar mot medelev eller lærar *eller* generell dårleg åtferd mot medelev (erting, kommentarar, tydeleg negativ kroppsspråk) *eller* generell dårleg åtferd mot vaksne på skulen (frekke kommentarar, negativt kroppsspråk, uro i timar, nekting).

Karakteren ”lite god”:

Denne karakteren blir gitt dersom det er ein elev som generelt viser liten vilje til å visa normal åtferd, ikkje rettar seg etter påtale og som treng påminning om rett åtferd mest kvar veke.

Ordensreglement for Vats skule

Konsekvens ved brot på Vats skule sine reglar

Reglane for orden og åtferd er i tillegg ordensreglementet nedfelt i skriva "Fellesreglar", "klassereglar" "utereglar" og i "Handlingsplan mot krenkjande åtferd"

Desse reglane gjeld for handtering av regelbrot

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling skal aldri nyttast. Før det blir teke avgjerd om konsekvens skal eleven ha hatt høve til å uttala seg.

Reglane ved krenkjande åtferd er nedfelt i punkt 9 i denne planen.

Ved brot på fellesreglar, klassereglar og utereglar:

Hovudregel: Den som oppdagar brotet snakkar med eleven og gir åtvaring.

Den som oppdagar regelbrotet gjev og beskjed til kontaktlærar.

Ved gjentekne brot blir situasjonen avklart og kontaktlærar tek kontakt med heimen. Rektor bli informert.

Unntak 1: ved brot på regelen om snøballkasting skal rektor kontaktast.

Ved gjentekne brot på denne regelen skal rektor snakka med eleven og ta kontakt med heimen.

Unntak 2: ved grove brot på reglane vil det vera naturleg å ta direkte kontakt med heimen – og varsle rektor straks brotet skjer.

Elevar kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.

Rektor vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven.

Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å nytta andre hjelpe- og eller refsingstiltak.

Føresette skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Fellesreglar i klassane for orden og åtferd

- **Gå på wc i timane:**

Utgangspunkt: Me ønskjer ein praksis der elevane tilstreber å gå på wc i friminutta.

- **Sukkerhaldige drikkevarer, kjeks og kaker til nistematen:**

Regel: ikkje tillate: me er ein snopefri skule. Me har utgangspunkt i næringsråda frå staten. Me oppfordrar føresette til å følgja reglane, og tek saka opp på 1. foreldremøte til hausten i alle klassar.

- **Mat på turar:**

Utgangspunkt: snopefri skule. Regel: Det blir avtalt kva som er tillate å ta med.

- **Mat for høgtider, festar og spesielle anledningar:**

Utgangspunkt: snopefri skule. Regel: Det blir avtalt når det er lov å ha med kaker og kjeks.

- **Åtferd i gangane:**

Regel: ein skal gå – ikkje hinka eller springa. All ferdsel i gangen utanfor lærar og administrasjon skal skje saman med lærar. Elevar som skal til gymsal åleine skal gå via uteområdet.

- **Orden i garderobe og gang:**

Regel: heng alltid tøy/utstyret ditt på plass. Sko skal stå på benken.

- **Henting av mjølk og frukt**

Regel: berre ordenselevar skal henta dette. Ordenseleven skal vaska hendene først.

- **Åtferd i biblioteket**

Regel: Kontaktlærar skal kursa elevane å setja bøker på rett plass. Elevar skal ha eit visst tilsyn når dei oppheld seg i biblioteket.

- **Reinsemd og smitte**

Regel: elevane må vaskar hendene før mat, og kvar gong etter besøk på wc. Ved utbrot av epidemiar er det eigne reglar.

- **Mikrobølgjeovn**

Regel: Berre elevar i 7. klasse får tilgang til mikrobølgjeovn i storefri. Omnen skal stå i klasserommet.

- **Utereglar**

Regel: Gjennomgang med elevane kvar gong det kjem ny versjon av utreregane til kontaktlærar. Nye reglar skal hengast opp etter gjennomgang.

- **Inn til time etter friminutt**

Regel: Gå stille bort til eigen pult utan å snakka – vera klar til å ta imot beskjed. Er det knuffing medan elevane går inn skal ein trenar på dette til alle klarer det – kvar gong.

- **Skuleområdet**

Regel: me har eit klart definert skuleområde. Elevar kan berre gå utanfor skuleområdet i friminutt om dei er i lag med lærar/assistent.

- **Gymtøy og konsekvens ved gløyming**

Regel: Elevane startar å byta til gymtøy før jul i 3. klasse. Elevar som gløymer tøy skal nytta tøy frå utlånskassen. Elevar som ikkje har gym skal sitja på scena inne – eller sjå på om ein er ute.

- **Dusjing**

Regel: etter jul i 3. klasse skal ein dusja etter gymtimar. Elevar som ikkje skal dusja må ha melding med seg frå dei føresette. Me skal sjå til det blir dusja, om me har mistanke om at det ikkje skjer.

-

- **Mat med ut**

Regel: elevar skal ikkje ha med mjølk eller yoghurt med ut i friminuttet.

- **Mjølkekartongar**

Regel: kartongar skal skyljast, brettast og stappast før dei vert kasta.

- **Bussreis frå skulen**

Regel: Elevane skal stå oppstilt på tilvist plass og venta til bussen har parkert. Ved teikn frå sjåfør skal ein gå roleg til bussen. Ryggsekken skal ikkje vera på ryggen eller i setet på sida av, sele skal vera på. Sit i setet til bussen har stoppa.

Sjåførar skal kjenna til reglane våre.

- **Åtferd på bussane**

Regel: Vats skule sine reglar for god og høfleg framferd gjeld og på bussen. Ein skal etterkomma beskjedar frå sjåfør.

- **Sko inne:**

Regel: det er ikkje tillate å gå med utesko i skofri sone.

- **Elektroniske hjelpemiddel**

Regel: Det er ikkje tillate å ha mobiltelefon/mp3-spelar og elektroniske spel på i skuletida.

- **Snøballkasting**

Regel: Det er ikkje lov å laga eller kasta snøball på skulen sitt område

- **Om å nytta skulen sin telefon**

Regel: Elevar får nytta skulen sin telefon om dei har behov for å gi viktige opplysningar til heimen. Avklaring om å få følgja medelevar heim etter skuletid kjem ikkje inn under dette. Slike avklaringar skal gjerast før elevane kjem på skulen.

- **Orden på fellesrom**

Regel: Elevar som nyttar felles grupperom skal rydda etter seg før dei går. Lærar skal alltid sjekka at rommet er i orden etter at elevar har vore der, og evt. sørge for at dei ryddar.

Ein skal alltid: plukka opp frå golvet, setja på plass stolane, kosta bort viskelær frå pultplata.

rommet skal sjå ryddig og ordentleg ut når ein går.

Klassereglar Vats skule

Klassereglane blir utforma i dialog mellom kontaktlærar og elevane.

Utgangspunkt for samtalen er fellesreglane, men reglane skal utformast etter behovet klassen har.

Klassereglane skal henga på veggen i klasserommet.

Døme:

Me skal rekkja opp handa når me skal seia noko.

Alle skal får vera med på leiken i

Utreglar Vats skule

Utreglane blir endra etter behov – pass på å ha rett versjon hengane oppe.



- **Syklane**

Berre for 1.-2.klasse. Dei skal berre brukast på asfalten.

- **Skuleområdet**

1.-4.kl skal vera på småskulesida, 5.-7.kl skal vera på framsida.

Grusbana er open for alle. Kunstgrasbana skal berre nyttast i gymtimane.

7.klassingar som er saman med fadderbarnet, kan gå på småskulesida,

og går til sitt område når leiken er over.

Ingen elevar skal opphalda seg eller bruka nedsida av skulen (mot Randi sitt hus).

- **Busskuret**

Busskuret skal ikkje nyttast i friminutta.

- **Ballbingen**

Kvar dag:

Fram til kl. 1100: 1. – 4. klasse

Få 1100 og ut dagen: 5. – 7. klasse

Snurrepinnar

Berre for 1. -4. klasse

- **Snøballkasting**

Det er totalforbod mot all form for snøballkasting på Vats skule.



**ALLE REGELBRUDD FØRER TIL:
SAMTALE MELLOM «OPPDAGAR» OG ELEV/ELEVAR**

**VED GJENTATTE BRUDD: SAMTALE MELLOM KONTAKTLÆRAR OG ELEV,
OG SAMTALE MED FORELDRE.**

**VED ALVORLEGE BRUDD/GJENTATTE ALVORLEGE BRUDD: SAMTALE MED
REKTOR
REKTOR SNAKKAR MED FORELDRE**

LÆRAR/REKTOR KAN KALLA ELEV OG FORELDRE INN TIL MØTE.